

# MEDDELELSE

FRA

## DET NORSKE MYRSELSKAP

Nr. 4.

August 1960.

58. årgang.

---

Redigert av Aasulv Løddesøl

---

### SAMORDNING AV SKOGREISING OG GOD JORD-BRUKSDRIFT PÅ VESTLANDET.

*Av driftsagronom Ola Norang.*

Utviklinga dei siste 10—15 åra har ført til stigande vanskår for ein stor del av gardbrukarane på Vestlandet. Arbeidshjelpa har vorte dyr, og maskinene kan ikkje setjast i staden for folkehjelpa på små og brattlendte bruk. Derfor har mange huslydar arbeidt svært tungt, men ofte har inntekta likevel vorte alt for lita.

På lang sikt kan ein berre vinne over dei økonomiske og driftstekniske vanskane på desse gardane gjennom ei klok planlegging av drifta. Og i dei planane som skal gi framtidson for tusental vestlandsgardar, må hovudvekta leggjast på god utnytting av heile næringsgrunnlaget: Driftsplanane må utførmaast slik at både innmarka og utmarka vert godt utnytta.

Enno er det mykje å vinne gjennom ei tidhøveleg drift av den dyrka jorda, men den store og avgjerande reserven for landbruket på Vestlandet ligg utanom bøgarden, og i komande år er det der ein stor del av kreftene må setjast inn.

Frå gammalt og heilt fram til siste hundreårsskiftet var vestlands landbruk tufta på utnytting av både innmark og utmark. Driftsmåten var svært arbeidskrevjande, men den gongen var det rikeleg med folkehjelp på kvar gard.

Etter kvart måtte landbruket ta opp konkurransen om arbeidskrafta med andre næringar, og utbygginga av industrien verka sterkt til at ein i landbruket og måtte gå over til å drive kjøp og sal. Ein kom over i handelsjordbruket.

*Ta utmarka inn att i produksjonen!*

Denne utviklinga har ført til at vestlands landbruk nyttar betre ut innmarka, men utmarka har vorte ligggjande og gro til med byske og kratt, einstape og anna gagnløyse. Dei store utmarksviddene som før var ein svært viktig del av næringsgrunnlaget på bruken, er no



Dyrka jord i dalbotnen, og skogreisingsmark opp mot dei blå fjell.

berre dårlege utmarksbeiter og halvring vedskog. Dette er ille i ein landsdel der storparten av gardane var alt for små frå før. For vestlandsk landbruk er det derfor i dag ei stor og livsviktig sak å ta utmarka inn att i produksjonen. Berre på den måten kan mange bruk gi familien ein rimeleg leveveg i framtida.

Det er klårlagt både gjennom forsøk og i praksis at svært mange bønder vil få meir netto av gardsdrifta si dersom dei lagar til nok av gode kulturgeite.

Vestlandet har dei beste vilkår for grasdyrking, og for den som driv med ku og sau, finst det ingen snarare og sikrare veg til betring av økonomien enn kultivering av gode beite. Målet for alle bruk må derfor vere å få nok av kultiverte beite til kua heile beiteperioden, og dertil nok vår- og haustbeite til sauken. Det areal som trengst til dette, må i dei fleste høve takast i utmarka. Men svært mange vestlandsbruk har likevel store utmarksvidder att, og der må det plantast skog.

Ein del framsynte menn har lenge meint at dette var den rette måten å nytte utmarka på. Det er og som oftast den enklaste og billegaste måten å gjere dei små vestlandsbruka større på. Men heilt til det siste har likevel gjennomføringa av eit slikt program gått svært tregt. Mistru og tvil, gamle fordomar, liten tilgang på kapital, skort på kunnskap og vanskelege eigedomstilhøve har bremsa på ei sunn utvikling inn i ei rikare framtid.

I dei seinare åra har det vorte gjort mykje både av stat og kommuner og einskildmenn for å få fart i beitekultiveringa og skogreisinga på Vestlandet, og det har muna godt. Men enno er det langt

fram før vestlandsbonden har gjort seg full nytte av dei store rik-domane som ligg i utmarka. Føresetnaden for det er at god jordbruksdrift og skogbruk går hand i hand.

*Ei økonomisk gransking syner vegen.*

Grunnlaget for skogreising og skogdyrking på Vestlandet er eit velordna jordbruk. Derfor må skogreising og velordna jordbruk sameinast på det einskilde bruket. Dette går klårt fram av ei granskning som Landbruksøkonomisk Institutt har stått for. Granskinga knyter seg til ei einskild bygd, Tyssedal i Sunnfjord, men problema er stort sett dei same for dei fleste fjordbygdene vestanfjells.

Tyssedal er ei lita dalgrend på sørssida av Dalsfjorden. Der er bra lunt, for fjella verner grenda mot vestavindane. Nedbøren er stor, serleg om hausten og vinteren.

Jorda er for det meste morene, skredjord og forvitringsjord både på innmarka og i utmarka.

Der er 20 gardsbruk, og kvart bruk har i gjennomsnitt 34 dekar dyrka jord, 10 dekar kulturbeite og om lag 200 dekar utmark som er skikka til plantemark. Jord til fulldyrking er der godt som ingen ting av.

Vel halvparten av gardane i Tyssedal var med i granskingane. På alle bruk a skaffa jordbruket altfor lite inntekt. Dei hadde jamt over eit driftsoverskot frå jordbruket på berre kr. 4.400,00. Dertil gav skogen kr. 520,00 og sideyrke kr. 2.150,00. Nettoinntekta vart kr. 7,900,00. På kvar gard var det jamt over 4,5 husstadsmedlemer, så levestandarden vert ikkje høg med slike inntekter.

Mest 30 % av nettoinntekta er skaffa ved arbeid utanom bruket. Det kan vere vegarbeid, bygningsarbeid, litt fiske og ymse andre småjobbar, men drifta på gardane er allsidig og arbeidskrevjande, og derfor er det vanskeleg for husbonden å vere lenge borte frå heimen.

Det ålvorlege med desse tala er at tusenvis av bondeheimar i kyst- og fjordbygdene har eit liknande inntektsgrunnlag, og for svært mange er sideyrke ei nokså usikker inntektskjelde.

Kva kan så gjerast for å betre dei økonomiske kåra på slike bruk? Rådebøtene kan vere så ymse. Her skal vi sjå på den utvegen som denne granskinga har teke for seg: Velordna jordbruk og skogreising hand i hand.

*Skogen byggjer opp store verdiar og gir gode inntekter.*

Granskinga slår fast at i framtida kan skogen verte den store kapitalskapar og arbeidsgjevar i Tyssedal. Når skogen har kome i full produksjon, vil tømmerstokken gi meir enn halvparten av inntekta på desse bruken. Legg ein så til det som gode kul-

turbeiter gir, vil utmarka skaffe mellom 2/3 og 3/4 av heile inntekta. Dette viser klårt at det er god nytting av utmarka som først og fremst kan gje dei små brukka på Vestlandet ei bra framtid.

Det meste av plantemarka i Tyssedal er grasmark, men der er også ein del krattskog av bjørk og or. Det er god jord på om lag 3/4 av arealet.

Val av treslag er ikkje vanskeleg i dag, for vanleg gran har både i praksis og forsøk peika seg ut som det beste bartreet på Vestlandet. På stader med god jord, rikeleg nedbør og bra livd, gjev grana stor produksjon av godt vyrke til tremasse og cellulose.

I bra tilkomne plantefelt på Vestlandet gjev grana ein årleg tilvekst på 0,8 til 1,5 m<sup>3</sup> pr. dekar. Samanlikna med tilveksten på gran austafjells er dette mykje.

På verharde stader, serleg ved kysten, vert det tilrådt å plante sitkagran. Der jorda er turr og skrinn, er det furua som trivst best. I svært bratte lier, og elles der framdrifta av tømmer kan falle vanskeleg, bør bjørkeskogen få stå.

Ein gardsskog bør ha tre i ulik alder, frå reine småtre til hogstmogne tre. Då vil skogen gi fast og årvisst arbeid og ei jamn inntekt som skapar tryggleik for heile næringa til huslyden.

Dette målet kjem ein nærast når ein plantar til over like mange år som skogen treng for å verte hogstmogen. På god jord tek det vanleg 50—60 år. Men for mange brukarar som har små utmarksvidder, kan det vere grunn til å gjere seg ferdig med plantinga på stuttare tid. Ved ei plantetid på t. d. 15 år, vil det nokså fort verte skapt ein stor skogkapital, og på den måten vil eigaren også før få gode inntekter på skogen.

Lauvskogen må vekk før det kan plantast. Dette gjev ved både til eige bruk og til sal. Einekratt kan derimot stå, dersom det ikkje er svært stort og tett.

Ugras og renningar som skyt opp dei første åra etter rydjinga, må fjernast.

I Tyssedal har ein rekna med at rydjingsarbeidet og tilplantinga til saman krev 18 timer pr. dekar. Kontantutleggget er kalkulert til 35 kroner pr. dekar. Då er det ikkje rekna med inngjerding av plantefelta, og det skulle vere uturvande når ein har kultivert nok beite.

Tenkjer ein seg at eit felt på 200 dekar vert ferdigplanta på 15, 30 eller 57 år, vil det årlege kravet til arbeid og kontanter vere slik:

15 år:	240	timar	og	470	kroner
30 >:	120	>	>	230	>
57 >:	60	>	>	120	>

Staten ber halvparten av kostnaden med skogsreisinga og mange kommunar 1/4. Då krevst det ikkje kontante utlegg av den

som gjer arbeidet sjølv. Tvert imot kan den gardbruksaren som reiser skog på eigen gard skaffa seg ei bra daglён. Og når ungskogen står der og veks, vil han frå år til år byggje opp ein stor kapital til eigaaren. Denne siða ved skogreisinga er alt for lite påakta.

For Tysseidal er det rekna ut at med skogreisingstid på 15 år og under bra driftstilhøve på god jord, vil eit plantefelt på 200 dekar ha ein kapitalverdi på om lag:

50.000 kr.	om 10 år
110.000 »	» 20 »
175.000 »	» 30 »
250.000 »	» 40 »
300.000 »	» 50 »

Det er rekna med ein rentefot på 4 %.

Som ein ser er det store tal, og kapitalen vil stå der like sikkert om kroneverdien går opp eller ned, — om bankane står eller ramlar. Difor kan det med rette seiast at i skogreisinga har vestlandsbonden den beste og sikraste banken og den tryggaste pensjonskassa.

Etter 30—40 år vert det faste inntekter fra tynningshogstane i plantefelta, og når skogen er 50—60 år, vil han gi store inntekter.

Det er rekna med at i ein granskog på 200 dekar kan det årleg hoggast 200 m<sup>3</sup> 60 år etter at skogreisinga tok til. Dette vil gi ei bruttoinntekt på kr. 15.500. Nettoinntekta for same skogen vil verte om lag kr. 10.000 pr. år.

Det er her som ovenfor, rekna med ein tømmerpris (midtmaål) på kr. 70,00 pr. m<sup>3</sup>. Arbeidsbetalinga er sett til kr. 4,00 pr. time for mann og kr. 6,50 pr. time for mann og hest. Det er rekna med ei køyrelengd på om lag 1 km.

Økonomiske utrekningar for ting som ligg så langt inn i framtida er sjølsagt nokså usikre, og svara vert aldri «rette». Men i dette



Dei største har vakse i 45 år, dei minste i 10 år.



«Aldri kuer du  
vårens skudd.»



høve skal vi vere merksame på at det er rekna varsamt. I lange tider har prisen på trevyrke stige meir enn på mange andre ting. Dette vil truleg halde fram. På lang sikt er det og grunn til å tro at heile prisnivået vil stige. Alt dette vil gi betre lønsemd for skogen, men det er ikkje kalkulert med noko slikt i denne granskinga.

På den andre sida må ein vere merksam på at føresetnaden for god avkasting i plantefelta er at skogen vert godt stelt heile tida frå planting og fram til hogstmogen alder. Dette krev både interesse og fagleg innsikt av den einskilde brukaren, og det trengs eit stort opplysnings- og retteliingsarbeid for å skape flinke «skogbrukarar» av vestlandsbøndene.

Tala frå Tyssedal viser at skogreisinga gir von om ei betre framtid for mange vestlandsbruk både gjennom dei store verdiane som vert skapt, og ved den sikre inntekta som skogen vil gi.

Men skogreisinga er ikkje berre eit kaldt og nøkternt reknestykke. Det er andre ting ved denne saka som og kan vege tungt for ein framsynt og samfunnsinteressert bonde: Han er her med og skaper eit stort framtidsgode, som også tener til prydnad og livd for gard og grend.

Det ligg von og framtid i eit plantefelt. Å sjå skogen vekse kring seg i mark og li skapar arbeidsglede og trivnad, tryggleik og ro.

Ingen av dei ein møter som har lagt ut eit plantefelt på ein skoglaus gard, angrar på dette tiltaket. Tvert imot. Alle er velnøgde med at dei gjekk i gang, og mange seier at dei skulle berre ha planta meir med det same. Eit slikt syn på saka hos dei som i gjerning har hjelpt

fram skogen, og vissa om at skogreisinga peikar framover mot ei betre tid for garden og komande slekter, skulle gi trygd for at den som slår inn på same vegen, er med å «byggje og bøte med bot som duger».

*Lønsemda i jordbruket må verte betre.*

Men inntekta frå plantefelta høyrer som nemnt, framtida til, og i mellomtida må levemåten sikrast på andre måtar. Dette kan gjerast ved å bygge ut eit sterkare jordbruk.

I dag gjev svært mange av dei mindre brukna på Vestlandet for små inntekter. Gardane i Tyssedal hadde jamt over eit driftoverskot frå jordbruket på snaue 5.000 kroner. Dertil gav sideyrke vel 2.000 kroner.

Kva er grunnen til at jordbruket har gitt så små inntekter?

Produksjonsinntektene på dei bruka som var med i granskinga, var jamt over berre 8.250 kroner. Av dette kom 6.830 kroner frå husdyrhaldet. På kvar gard var det 3—4 kyr og om lag 3 ungfe, 6 lam-sauar og 3—4 gimrar, 1—2 griser, 1 hest og nokre høner.

Mjølkeinntekta pr. ku var kr. 900. Kvar lamsau gav kr. 115 i bruttoinntekt. Storparten av flesket og eggva vart brukt på gardane, og av heile husdyrproduksjonen gjekk om lag ein tredjepart til eige hushald.

Når det gjeld kostnadene, kom det fram så interessante og lærerike tal frå Tyssedal at vi skal dele dei opp og sjå kva pengane har gått til:

1. Leigd arbeid .....	kr. 177,00
2. Kraftfør .....	» 1.831,00
3. Høy .....	» 85,00
4. Kunstgjødsel og kalk .....	» 547,00
5. Ymse andre varer .....	» 250,00
6. Vedlikehald, avskriving og andre faste utlegg .....	» 959,00
<hr/>	
Sum kostnader	kr. 3.849,00

Kostnadene er små, og det er verdt å merke seg at bort imot ein tredjepart er faste utlegg. Desse er like store anten produksjonen er stor eller liten, og derfor vert ein stor produksjon etter måten billegare enn ein liten.

Rekneskapa syner ei drift som er alt for veik, og ein produksjon som er tufta for mykje på innkjøpt fôr. Om lag halvparten av kostnadene er fôrkjøp.

Til kunstgjødsel er det jamt over brukt berre kr. 547 pr. bruk, men samstundes er det kjøpt kraftfør for kr. 1.831 og høy for kr. 85.

Kyrne har sikkert fått meir enn nok turt høy av det heimeavla, og det er som regel därleg økonomi å kjøpe



Det meste av graset må forelast til mjølk.

høy i ei bygd der grasdyrkning er hovedproduksjonen. Heile 92 % av den dyrka jorda ligg som eng, men avlingane er jamt over små, berre vel 600 kg høy pr. dekar. Storparten av enga er gamal, og på fleire av brukena var jorda sur og vassjuk.

Alt i alt kan ein seie at gardane i Tyssedal gjev for små inntekter avdi brukarane satsar for lite på jordbruksfaget: Avlingane er små, dyra gjev for liten avdrått, og kapitalutstyret vert ringt utnytta.

Dette er ille, men på same tid gjev det store framtidsovern til den som vil setje evner og krefter inn for å byggje ut eit velordna jordbruk.

Alle bønder veit at resultatet av jordbruksfaget vert avgjort både av ting som dei sjølve rår med, og av slikt som dei ikkje rår med.

Sjølve naturgrunnlaget og dei grenser det set for bruken av jorda, kan ein ikkje endre, men ved ei klokare og meir tidhøveleg drift kan ein nytte det betre ut.

Best går det for den bonden som samarbeider med naturen, for det er alltid lettast og best å produsere det som høver med dei naturgjevne vilkåra. Dette at alle skal produsere alt fører ikkje fram i dag.

På storparten av gardane på Vestlandet, peikar både terrenget og verlaget mot størst mogeleg grasproduksjon på innmarka.

Avlingane på enga kan verte mykje større på mange bruk ved sterkare gjødsling, kalking, grøfting og oppatnying der mosen og anna ugras har teke overhand. Av dei større grasavlingane må minst halvparten, helst to tredjedeler, leggjast i silo. Ensilingering er ein lett-vint bergingsmåte, og då vert arbeidskravet og utjamna noko om

sommaren. Godt silofôr gir vilkår for god og billeg vinterfôring, og ein sparer mykje kraftfôr.

Kultivering av beite er det gode vilkår for i Tyssedal. I dei glisne orelianane er det god og råmesterk moldjord med noko innslag av kvein og rapp. Her trengst det berre litt rydjing, gjerding og gjødsling, så får ein snøgt gode beiter. Men skal beita gi billeg fôr, må dei setjast godt i stand, og dei må gjødsla last godt kvart år.

Med kalving på etterjulsvinteren bør kyrne ta 35—40—45 % av årsfôret frå slike beite. Utan nok av gode kulturbeite kan ein gardbrukskar på Vestlandet ikkje vente å få eit rimeleg økonomisk resultat korkje av storfe eller sau.

Fôringa til mjølkekyrne har vore om lag slik:

Turt høy .....	30 til 35 %
Silofôr .....	10 » 15 »
Beite .....	25 » 35 »
Kraftfôr .....	10 » 20 »

Desse tala viser at det er brukta altfor mykje høy og for lite silofôr og beite.

Målet bør vere å kome fram til ei fôring som dette:

Turt høy .....	10 til 15 %
Silofôr .....	35 » 40 »
Beite .....	35 » 40 »
Kraftfôr .....	10 » 15 »

Med ei slik fôring kan ein både få mykje mjølk og god tilvekst på ungdyra.

### 3 planar for jordbruksdrift og skogreising.

I ein driftsplan gjeld det alltid om å få best mogeleg samspel mellom jordbruket og dei andre driftsgreinene. Skogreisinga må ein og sjå i samanheng med driftsforma i jordbruket.

Det er lagt fram 3 planar for jordbruksdrifta som kan samordnast med skogreising:

1. Blanda husdyrdrift.
2. Mest vekt på mjølkeproduksjonen.
3. » » sauehaldet.

Husdyrhaldet vert slik:

Plan 1: 1 hest, 5 kyr, 4 ungfe, 35 lamsauer, 10 gimrar og 1 gris.

» 2:	1 » , 9 » , 4 » , 0 » , 0 » , 2 »
» 3:	1 » , 2 » , 2 » , 62 » , 22 » , 1 »



Tømmerdrift i plantefelt.

Det er rekna med 2.500 kg mjølk pr. ku og 1,5 gangslam (22,5 kg slakt og 2,7 kg ull) pr. søye.

I plan 1 er det rekna med at om lag ein tredjedel av enga skal haustast 2 gonger til silo, resten som høy. Det meste av håa vert lagt i silo.

I plan 2 har fôrmargkål og poteter fått litt større plass. Om lag halvparten av enga skal haustast 2 gonger til silo, resten som høy. Ein del av håa skal leggjast i silo og resten beitast.

I plan 3 skal mest all enga haustast som høy, og håa vert lagt i silo. Både om våren og hausten får sauene beite ein del på enga. Det vil hjelpe til å halde engugras nede, og grasrota tetnar.

Til utbygging av jordbruket på eit gjennomsnittsbruk i samsvar med ein av desse planane, trengst det ei samla investering på 18.500 kroner. Det er då rekna med grøfting av 9 dekar eng, overflatedyrking av 23 dekar til kulturbete, bygging av 1 betongsilo og istandsetjing av uthuset. Til desse arbeida er det gode tilskot. Når brukaren så gjer ein stor del av arbeidet sjølv, vert kravet til eigen kapital 6.000—7.000 kroner, og det skulle dei aller fleste greie.

Fullt utbygt vil eit slikt bruk ha 69 dekar innmark og 200 dekar skog. Av innmarka er 27 dekar fulldyrka, 11 dekar er natureng og 31 dekar kulturbete.

I planane er det rekna med at engavlingane må auke med 40 %, og at kulturbete skal gi 275 f.e. pr. dekar.

Men jordbruksdrifta må, som nemnt, samordnast med skogrelsinga. Den einskilde gardbrukaren må med andre ord sjå skogrelsinga i samanheng med driftsforma i jordbruket.

Derfor er det også lagt fram 3 planar for skogreising på 200 dekar plantemark:

- A. Skogreisingstid på 15 år
- B. . . » » 30 »
- C. . . » » 57 »

Arbeidskrafta på bruket og tilgangen på kapital vil avgjere kva kombinasjon av planar ein skal velje for å få beste samordninga av skogreisinga og jordbruksdrifta.

Dersom bruket ikkje har serleg rikeleg tilgang på arbeidshjelp eller kapital, må rask skogreising kombinerast med ei jordbruksdrift som krev mindre arbeid. Omvendt vil ei meir arbeidskrevjande jordbruksdrift høve der det skal brukast lang tid på skogreisinga.

I meldinga er det nemnt 3 døme på korleis jordbruksdrift og skogreising kan samordnast:

#### 1. døme:

På ein gard der det er ein vaksen son heime, og faren enno er fullt arbeidsfør, vil ofte mjølkeproduksjon og ei skogreisingstid på 15 år høve best.

#### 2. døme:

Driv mannen og kona garden, men leiger ein del hjelp om sommaren, kan blanda drift i jordbruket høve saman med ei skogreisingstid på 30 år.

#### 3. døme:

Når eigaren driv garden åleine og dertil har lite kapital, høver det å velja sauehald og ei skogreisingstid på 57 år.

Dei nye planane for jordbruksdrifta krev ein del meir arbeid enn den gamle driftsmåten. Men ein treng likevel ikkje å leige ekstra hjelp til skogreisinga. Utan omsyn til kva skogreisingsplan ein går inn for, vil den faste arbeidshjelpa rekke å gjere det arbeidet som krevst i skogen. Dette vert med andre ord utfyllingsarbeid.

For storparten av gardane på Vestlandet som er eller har vilkår for å verte økonomisk sjølvstendige bruk, må hjørnesteinane under langtidsplanen verte desse:

1. Store avlingar på innmarka.
2. Høg avdrått av husdyra.
3. Ein del av utmarka til gode kulturbeteite.
4. Storparten av utmarka til skogreising.

Gjennomføringa av ein slik driftsplan vil gi god utnytting både av dei naturlege vilkåra på Vestlandet, av den investerte kapitalen og av arbeidskrafta på bruka.

*Frå ei nettoinntekt på 8.000 til 24.000 kroner.*

I dei nye planane for jordbruksdrifta er driftsoverskotet rekna ut til:

9.200 kroner for blanda husdyrdrift.

7.400 kroner for mjølkeproduksjon.

10.500 kroner for sauehald.

Samanlikna med dei gamle driftsmåtane er dette stort sett ei dobling av driftsoverskotet, og det viser at ein effektiv produksjon til ei viss grad kan vege opp at ein har lite areal.

Det økonomiske resultat kan og verte mykje betre enn desse utrekningane viser, dersom avlingane og avdråtten vert større enn det er rekna med i planane.

Ved å ta med ein eller fleire støtteproduksjonar som hønsehald, pelsdyr, grisepurker, fleskeproduksjon eller bærdyrking kan også det økonomiske resultat verte betre. I ei overgangstid, medan skogen veks til, bør mange gjere seg nytte av det.

Men på lang sikt er ingen ting så sikkert for vestlandsbonden som det skogreisinga kan gi. Derfor må det verte løysinga for framtida på tusental bruk.


Etter 50—60 år vil eit plantefelt på 200 dekar gje ei årleg brutto-inntekt på kr. 15.000—16.000. Når mann + hest er betalt med kr. 4,00 + 2,50 pr. time, vert det ein netto på om lag kr. 10.000.

Saman med dei inntektene som ein av dei nye planane for jordbruken kan gi, vil bøndene på desse bruken kome opp i ei årleg nettoinntekt på kr. 21.000—24.000. Då er det rekna med at gardbrukarane sjølve gjer det meste av arbeidet i skogen. Med ei slik inntekt kan det i framtida verte livberging på slike bruk, og det er ein fin balanse i eit velordna jordbruk kombinert med ein bra gardsskog. (Sjå den grafiske framstillinga på neste side).

Det er langt fram, men gjennomføring av planane gir visse om større og sikrare løn for strevet.

Det er naturleg at mange spør kor mykje dei kan lite på slike utrekningar. Til det er å svare at på prøvebruken t. d. har planane jamt over slege godt til, ja, ofte vart det økonomiske resultatet betre enn ein rekna med.

Slik kan det gå tusental vestlandsbruk og. Granskinga i Tyssedal stakar ut hovudlinene i langtidsplanane for mange bruk, og dei økonomiske utrekningane er like pålitelege som på prøvebruken.



Den grafiske framstellinga ovanfor syner:

1. Det økonomiske resultat på bruken i Tyssedal i 1958.
2. Det økonomiske resultatet ein kan vente ved ei meir tidhøveleg jordbruksdrift i skogreisingsperioden.
3. Det økonomiske resultatet når skogen kjem i full produksjon.

Vi vil likevel understreke at den økonomiske framgangen kjem ikkje berre med god planlegging.

I jordbruket som i all anna verksemder, står og fell det heile med interessa og innsatsen til han som er leiar for drifta. Det er den daglege innsatsen på det praktiske plan som til slutt skapar dei verdiar og den framgang som det er rekna med i driftsplanane.